

# Lederne Bømlo overraska frivillig- sentralen til jul

Anne T. Johannessen frå Bømlo Frivilligsentral vart nesten stum då ho på onsdag kunne ta mot ein gåvesjekk frå Lederne, avdeling 73 Bømlo.

**Nils-Tore Sele**  
nils.tore@bomlo-nytt.no

– Dette er heilt fantastisk, sa Anne T. Johannessen frå Bømlo Frivilligsentral då ho kunne ta mot ein sjekk på heile 25.000 kroner frå Vidar Nygård, leiar for Lederne si avdeling på Bømlo.

Dette er ein partipolitisk uavhengig organisasjon for leiarar, teknikarar og merkantilt tilsette i norsk arbeidsliv. Organisasjonsavdelinga på Bømlo har heile 190 medlemmer. På landsbasis har Lederne 17.500 medlemmer. Om eit halvt år blir avdelinga på Bømlo historie, og går inn i ei fellesavdeling for Hordaland saman med avdelingane som no eksisterer på Stord, Odda, Kvinnherad og Bergen.

## Eit samla styre står bak

– Me er stolte over å vera ei avdeling på Bømlo med meir enn ein prosent av medlemene på landsbasis. Lenge var Jan Olav Brekke frå Bømlo, som er busett i Stavanger, leiar for Lederne nasjonalt. Arvtakaren hans, Audun Ingvarsen, har ei farmor som kjem frå Tverborgvik ved Lykling, så det er fleire linkar til Bømlo hos Lederne, smiler Nygård.

Gåva frå Lederne på Bømlo kjem godt med for frivilligsentralen no før jul. På siste styremøte før jul gjekk eit samroystes styre inn for tildelinga, etter forslag frå Nygård om at det ville vera ein fin gest å støtta Bømlo Frivilligsentral.

I koronaåret 2020 er det mange som treng hjelp. Pandemien har gått ut over mange arbeidsplassar. Med både oppseiingar og permitteringar i kjølvatnet. For mange er difor denne jula spesiell, og her kjem hjelp frå frivilligsentralen godt med, slik at det kan bli både pakkar og julestemning hos mange som elles kunne gått ei trongare jul i møte.

## Stor trøng for hjelp

– Me ser det klart at behovet er større denne jula enn i fjor. Me får mange telefonar med tips om kven som kanskje kan tren-



**FÅR DELA UT LITT EKSTRA JULEGLEDE:** Anne T. Johannessen frå Bømlo Frivilligsentral studerer gåvesjekken på 25.000 kroner frå Lederne, avdeling Bømlo ved Vidar Nygård. – Overraskande og veldig gledeleg, seier Johannessen. **FOTO: NILS-TORE SELE**

gja litt hjelp frå oss i år. Desse telefonane har det vore fleire av i år enn før. Me får også direkte telefonar frå mange om me kan hjelpa. Det er ein høg terskel å ringja oss, og det at det kjem slike telefonar, er nok til å visa at det er trøng for hjelp. Mange seier at dei ikkje er inne i systemet, men hjelp trengst for det, fortel Johannessen.

– Me set pris på arbeidet deira Lederne, avdeling 73 Bømlo har sine 190 medlemmer spreidd ut over 18 ulike arbeidsgjevarar på Bømlo. Dei siste åra har medlemmer som er tilsette ved skular og barnehagar også komme til.

– Grunnen til at det er Bømlo Frivilligsentral me vel å støtta, er at me ser at dei gjer ein stor innsats og eit godt arbeid. Dette set me veldig stor pris på. Dei femner vidt, og har ingen band mot nokon. Me kunne valt å gi 1.000 kroner til 25 ulike organisasjonar, men det er ein sum som ikkje dekkjer meir enn kaffi og mat til eit styremøte. Difor vart valet å overføra 25.000 kroner til frivilligsentralen, seier Nygård.

## Vil få hjelpa endå fleire

– Dette er ein stor sum, som me er veldig takksame for å få. Å jobba i frivilligsentralen er i



**KJEM VEL MED:** Anne T. Johannessen frå Bømlo Frivilligsentral fekk gåvesjekk på 25.000 kroner frå Lederne, avdeling Bømlo ved Vidar Nygård. **FOTO: NILS-TORE SELE**

utgangspunktet fantastisk, og når slikt som dette dukkar opp får me sjansen til å hjelpa endå fleire. Fram mot denne jula har me kjøpt inn godteri og julegaver. Me har pakka mange godteposar, der kinobillettar ligg ved. Kvar billett har ein verdi på 120 kroner, slik at ein skal kunna få kjøpt brus og litt popcorn utanom. Her prioriterer me barn, men me legg også ved

billett slik at ein vaksen kan følgja, fortel Johannessen om ein del av det hjelpearbeidet dei står for denne jula.

Eit stort nettverk av frivillige er med på pakking av godteposar og gaver. Mange har vore med på dette i mange år. Dei gir av si tid og sin innsats for å hjelpa andre fordi det gir dei noko. Johannessen er full av ros for denne innsatsen.

– Det er rørende, rett og slett, seier ho. – Viljen til å hjelpa til med å hjelpa andre. Du må ringa oss oftare, seier mange. – Det fortel vel litt om koronaåret, når det elles i samfunnet er stille fordi det er så lite som skjer, fortel Johannessen.

## – Kontakt nokon som sit åleine

– Eg sender i desse dagar ut ei julehelsing til medlemene vår. Her tek eg opp dette med den sosiale distansen. I julehelsinga oppfordrar eg difor medlemene våre til å ta ein telefon til nokon dei veit sit åleine, eller stikka bortom i døra med ein blom eller ei øskje med konfekt. Det er viktig å visa omtanke for andre i denne tida, seier Nygård.

– Me veit at dette kjem i gode hender. Me kjenner på det at det er godt å vera med å bidra med noko som kan komma dei som treng det mest til gode. Me hadde lyst å gi ein sum av ein slik storleik at det kunne vera med å gjera ein skilnad, understrekar han.

– Eg har alltid vore engasjert i frivillig arbeid. Eg er opptatt av at skal Bømlo og bygdene leva, så er me totalt avhengig av det som skjer rundt oss på fritida, fortel Nygård.